

Vedlegg 1.

Til møtet i Sjøbua 22.11.13 kl 10 00 - 13 00
arr. Eidsland Grendalag

Sak : FV 569, Dalseid - Romarheim

Snarvegen E 16 –E 39

Desse er invitert:

Fylkesordfører - Tom Christer Nilsen

Statens vegvesen - v/ avdelings direktør Olav Finne, Kåre Olav Aldal / Lars Øyre

Vaksdal Kommune - v/ ordfører Eirik Haga, formannskapet.

Modalen kommune v/ ordfører Knut Moe, formannskapet.

Modalen Eksingedalen billag v/ dagleg leiar Sveinung Mo, styret.

Møtet startar med :

Kort presentasjon av Grendalaget og kvifor dei tek opp denne saka.

Presentasjon av dei oppmøtte.

Tilbakeblikk / historikk / fakta.

Sakliste :

- Vegvedlikehald på Fv 569. v/ Grendalaget
- Vegutbetring av Fv 569/Modalen-Eksingedalen Billag v/Sveinung Mo
- Godkjent reguleringsplan
- Forslag til Verneplan
- Overleveringsspørsmål /forslag

VEGVEDLIKEHALDET/HISTORIKK

Årstalet 1888 står meisla inn i fjellsida rett oppom bygda retning Eksingedalen.

Ein veg bygd for hest og kjerre den tid fjorden og båten var den naturlege framkomstvegen i landet.

Vegen til Stamnes i 1930 åra, til Straume truleg endå tidlegare.

Dæmring – Dalseid i 50 og 60-åra, Bolstadstraumen bru opna i 1963.

Vegen frå Mo til Slottet i Mofjorden også i 60 åra.

Slottet – Romarheim opna 1996.

Mykje har endra seg sidan den tid, mykje har stått i ro.

Men fjellet lever. For billistar og syklistar som ferdast på FV 569 dagleg, er ein blitt vant til å ta pulsen på fjellsidene, sjå etter ras, teikn på om jord eller stein er på veg ned.

Ein stad der mange kjenner uroa i magen, er ved "Slottet", der også vegen er utan

forbikjøringsplass, slik at me må rygga rundt fleire svingar, spesielt travelt når turistane kjem.

1976 vart Modalstunnelen mellom Vaksdal og Modalen kommune opna, og trafikken på Fv 569 auka merkbart.

1996 opna vegen mellom fergekaien v/ Slottet i Modalen til Romarheim i Lindås.

Dermed opna det seg ein indre snarveg mellom E 16 Dalseid og E 39 Romarheim. FV 569 var ikkje lengre ein " bygdeveg " men eit bindeledd mellom desse to punkta.

Denne vegen er 5 mil, kjører du via Nordhordlandsbrua er det 10 mil - dobbelt så langt.

Mange tok då Fv 569 i bruk, både pga tidsbesparing og for å spara bompengane som var på brua .

Små bilar og altfor store bilar brukte denne snarvegen og kjørde seg fast i altfor små og lave tunnelar med dei ulempene det medførde

Og det skjer fortsatt, seinast i forrige mnd då vegen var sperra i Høgabergtunnelen i ca 1,5 time.

Ein kunne forventa at trafikken gjekk ned då bompengane på Nordhordlandsbrua vart teke vekk, men slik vart det ikkje.

REGULERINGSPLAN

14. desember 1995 vart oppstart av reguleringsplan Kallestadsundet bru – Eidsland kunngjort i media.

15.04.1996 vart Reguleringsplan godkjent, under dåverande vegsjef Josef Martinsen.

To nye tunnelar og utbetra veg mellom desse vart bygd.

Vegen var stengd i fleire mnd og det vart oppretta båtskyss forbi annlegs-staden.

Noko som medførde mange ulemper, men me såg det som starten på få ein god og tenleg veg.

Sidan er og fjordfyllinga ved Eidsland forbi små tunnelane gjort ferdig. Nokre nye forbikjøring / møteplassar kom i år, og med nye rekker.

Resultat : Den på strekinga ned mot Dæmring er ved avslutninga brått snevra inn til 3,5 m.

Avkjøringa til Kallestadsundet bru er også snevra inn til 2,9 m.

Kan dette fosvarast som vegutbetring?

FORSLAG TIL VERNEPLAN

I 2000 fekk me ny vegsjef: Ole Christian Torpp, han vart invitert til synfaring og møte av Eidsland Grendalag for å få i gong att arbeidet på vegen, som no hadde stoppa opp.

Til dette møtet stilte:

Hordaland vegkontor med:	Vegsjef Ole Chr. Torpp og Per Steffen Myhren
Hordaland fylkeskommune:	Samferdelsjef Magnus Vesterheim og Torbjørn Aarethun
Samferdselkomm. på Stortinget:	Oddvar Nilsen
Vaksdal kommune:	Ordførar Øyvind Olsnes m/ formannskap
Modalen kommune:	Leif Egil Nåmdal
Osterøy kommune:	Ove Keiveland
Modalen - Eksingedalen billag	Disponent, styreleiar og verneombud

Resultat av møtet:

Godkjent reguleringsplan for utbetring og rassikring, vart lagt vekk, mykje tid, krefter og ikkje minst pengar som var lagt ned i dette arbeidet vart med eit pennestrøk borte.

Vegsjefen med fleire fekk utarbeidd plan for eit fredingsvedtak for fleire vegar i landet, grunna unik byggekunst mm.

Me er stolte over byggjekunsten og kompetansen til dei som bygde vegen. Men fredningsvedtaket er problematisk, og også for oss, det kan i verste fall kosta liv.

Fire vegar i landet oppfylte ikkje krava til freding: Ein i Nord-Norge, ein i Sogn og Fjordane og to i Hordaland.
Dei manglar omkjøringsveg.

Visst er Fv 569 vakker og går gjennom vakkert terreng, men det hjelper så lite når barn eller barnebarn er på veg til skule- eller fritidsaktivitet, når me ventar ektefellene heim frå jobb, eller når me sjølve skal ut ein mørk haust/vinter kveld.
Då er det tryggleik som gjeld, å koma fram i live.

Ordføraren i Solund har nyss teke opp spørsmål om ikkje desse forslaga til Verneplan er utdattert då det er fleire valperiodar sidan dei kom opp, og det framleis vert argumentert med dei som meirkostad for nødvendig vegutbetring, og då vert lite og ingenting gjort, for alt er meirkostnad.

Fv 550 Jondal – Utne er einaste vegen som har fått sin omkjøringsveg via Folgefonntunnelen og Jondalstunnelen som tek unna trafikken aust – sør og vest for denne delen av Vestlandet.

I tillegg skulle fredningsforslaget til høyring og uttale i dei berørte kommunane. Noko dei ikkje kunne gå inn for før ny veg var bygd og opna. Korleis kan eit forslag til verneplan frå førre århundre, og som ikkje vart godkjent i dei berørte kommunane fortsatt hevdast å gjelda?

Vegen vart liggjade - like rasfarleg, svingete og smal, og med færre og færre stabbesteinar etter kvart som dei rasa ut og forsvinn på fjorden, og som i fylgje vegkontoret ikkje lett kan reparerast pga at vegen ligg inne i ein verneplan som kommunane ikkje hadde godkjent. Og brukarane får stadig dårlegare veg, meir trafikk, i tillegg til aukande rasfare.

Spørsmål i Samferdsels-kommiteen i Fylket mai 2005:

Er det vedtak på verving/freding av Rv 569 Dalseid - Romarheim (vegen som då var blitt riksveg) eller delar av denne vegen?
Har eller skal dei berørte kommunar uttala seg til eit slikt vedtak?
Kva medfører verna strekingar i forhold til utbetring som rassikring, vedlikehald m.m.?

Svar: 07.09.2005

Spørsmål om vedtak/freding på RV 569 strekninga Dalseid – Romarheim.

I 1997 påla Samferdsl, dep Statens Vegvesen å utarbeida ein verneplan for vegar og bruer.

Den er overlevert Riksantikvaren som fører prosessen vidare mot freding.

Rv 569 er med i denne planen.

Planen er overlevert fylkeskommunen.

Kommunen får planen til vedtaksfreding til høyring med høve til å uttala seg.

Vi har hatt synfaring på vegen saman med kommunen og det lokale rutebillaget.

Ved denne synfaringa kartla vi ein del problempunkt der det er teke høgde for at det kan gjennomførast tiltak sjølv etter freding.

Dersom det skal utførast større tiltak må ein gå radikalt til verks og vurdere ny linjeføring.

Når det gjeld sikring av rasfarlege område, vil freding neppe vera til hinder dersom ein tek dei rette omsyn.

Det er viktig å vera klar over at freding ikkje betyr at ein frys situasjonen, men styrer eventuelle tiltak i rett lei, slik at dei ikkje strir mot vernet.

Me har fått mange tilbakemeldingar som går på at dette fredingsforslaget medfører ein stor meirkostnad viss noko skal gjerast.

**MERK : Eit vern som ikkje er vedteke?
 Korleis kan det kosta noko?**

Det vart i 2005 fremlagt forslag til å ta denne vegen inn NTP, Norsk Transport-plan, dette vart nedstemt, av fleirtalet i fylkesutvalet.

Det har vore mange synfaringar og møte sidan då. Samtlege samferdelsutval i fylket har vore på befarings.

I 2010 vart vegen igjen tilbakeført til fylket, kjenner nokon eit ansvar når me får tilbagemelding på at det kun er avsett midlar til små utbetringar i Handlingsprogrammet til Regional Transport-plan 2013-17?

Og at Fv 569 ikkje høyrer inn under **høgt prioritert del av fylkesvegnettet pga liten trafikk.**

Korleis kan det forsvarst når dette ein mykje brukt veg som pendlarveg, avlastings/ omkjøringsveg mellom E 16 og E 39? Spesielt når desse vegane er stengde grunna ikkje-planlagde hendingar som for eksempel E 39 stengt mellom Romarheim og Vikanes pga steinras, E 16 Stanghelle-tunnelen stengt av ras. Eller ved planlagd stenging når det vert utført vegutbetring på desse vegane ?

Fortel om ras på eigen bil.

MILJØGEVINST

I tillegg er det ein miljøgevinst ved at bilar som kan kjøra denne vegen, som ikkje skal innom Bergens-distriktet, kan spare den allereie hardt belasta trafikkforureininga der.

RASSIKRINGSMIDLAR

I Bergens Tidende 16.10.2013 reiser Riksrevisjonen kritikk mot Hordaland fylke som har 95 millionar ubrukte rassikringsmidlar ståande?

Kva er årsaka , kvifor vert ikkje midlane brukt, der dei trengst??

Forslag: Her er fortsatt ein godkjent Reguleringsplan Fv 569, det er på tide å ta den fram att, setja i gong prosessen med evt. ny godkjenning viss det må gjerast, og arbeide vidare med rassikring av Fv 569.

Når det gjeld vegvedlikehald, dårleg vegdekke, slagholer, manglande rekkverk m.m. krev Eidsland Grendalag som skal ivareta innbyggjarane i bygda, at skuleborna, dei som har arbeidet sitt på vegen og dei som pendlar til og frå arbeidvert høyrde og tekne seriøst når me melder inn problem som både treng strakstiltak og utbetring på sikt.

Me vert godt motekne på Vegmeldinsentralen og Fiksgatami, og så stoppar det opp, og telehivdumpen som går tvers over heile vegen rett utforbi Hesjedalsfossen ligg der fortsatt.

Pressiserar på nytt: Dette er ingen bygdeveg, men ein indre vegforbindelse mellom E 16 og E 39, noko som visar att på ÅDT i prioden 1996 - 2012

Årstal	Dalseid E 16-Straume	Modalstunnelen. aust	Otterstad bru-E39 Romarheim.
1996	400	110	
1999	660	200	
2003	740	250	
2008	800	300	500
2011	750	300	500
2013	700	200	500

Tala for 2013 viser nedgong ved Dalseid og Modalstunnelen. Dette forundrar fleire seg over, for dei som ferdast på vegen opplever det stikk motsatte, Spesielt då det var lengre stengingar på andre vegar som E 16 Stanghelle-tunnelen, og ved Trengereid. Kan det ha oppstått ein feil her ?

Merk: Trafikken Dalseid - Straume har nedgang av store/ lange bilar, årsak til dette orienterar Sveinung Mo om.

Sjølv om folketalet går nedover i bygdene langs vegen så viser ÅDT at det er gjennomgangs trafikk her, og at vegen må akseptierast som ein indre snarveg-forbindelse mellom dei to viktige Europavegane i Hordaland fylke. Det er positivt at folket nyttar denne vegen. Når ein veg er open for trafikk, skal den óg brukast.

Vegvedlikehaldet / asfalttering m.m. må prioriterast i 2014!

Utbetring av heile vegen må halda fram!

